

## Referat frå styremøte nr. 4 – 2017

**Dato:** 12. mai 2017

**Tid:** 10.00-13.00

**Stad:** Kunnskapsparken-bygget ved NTNU i Ålesund, møterom Ørnetua i 3. etasje

### **Til stades:**

#### *Frå styret:*

Styreleiar Jan Ove Tryggestad, Stranda kommune  
Nestleiar Vebjørn Krogsæter, Haram kommune  
Styremedlem Lena Landsverk Sande, Vanylven kommune  
Styremedlem Dag Olav Tennfjord, Skodje kommune  
Styremedlem Eva Vinje Aurdal, Ålesund kommune  
Styremedlem Synnøve Vasstrand Synnes, Ørskog kommune  
Styremedlem Marit Larssen, Giske kommune

#### *Frå administrasjonen:*

Dagleg leiar Jan Kåre Aurdal  
Rådgivar Vegard Sperre Austnes  
Rådgivar Erlend Krumsvik

#### *Andre:*

Adm. dir. Espen Remme i Helse Møre og Romsdal HF

**Sak 19/2017: Velkomen til møtet. Godkjenning av innkallinga. Saker til eventuelt**

Styreleiar Jan Ove Tryggestad ønskte velkomen til møtet.

Møteinnkallinga vart godkjent.

Saker til eventuelt var orientering frå styreleiar om to besøk i Oslo vedkomande samferdsel, lufting av spørsmål om innmelding i Vest-Norges Brusselkontor, samt status for arbeidet med nytt soningssenter på Sunnmøre.

**Sak 20/2017: Godkjenning av referat frå forrige styremøte 27.03.2017 (nr. 3 - 2017)**

Ved styreleiar Jan Ove Tryggestad

Referatet frå forrige møte vart godkjent.

Styret bad om å få ei orientering om Innovasjonsskulen på eit seinare møte.

**Sak 21/2017: Årsmelding og rekneskap 2016 for Sunnmøre Regionråd IKS**

Årsmelding og rekneskap for 2016 følger vedlagt.

Dagleg leiar Jan Kåre Aurdal presenterte årsmeldinga og rekneskapen for 2016.

Styret hadde ein merknad om at det ikkje gjekk fram av årsmeldinga når Einar Vik Arset vart vald inn i styret. Vidare hadde styret ein merknad om at det i årsmeldinga skal stå om det politiske arbeidet med Sunnmøre soningssenter.

*Vedtak:* Styret godkjenner årsmeldinga for 2016 med nemnde merknadar. Styret innstiller overfor representantskapet på å vedta årsmeldinga for 2016.

Styret godkjenner årsrekneskapen for 2016. Styret innstiller overfor representantskapet på å vedta årsrekneskapen for 2016.

**Sak 22/2017: Rekneskapsrapport for første tertial 2017**

Rekneskapsrapport for første tertial 2017 både for selskapet samla og per prosjekt var sendt ut til møtet. Dagleg leiar Jan Kåre Aurdal presenterte rapportane.

Styret bad om at rekneskapsrapportane frametter vert periodiserte, slik at styret får eit rett bilete av perioden. Administrasjonen vil følge opp dette.

*Vedtak:* Styret tek rekneskapsrapporten for første tertial 2017 til vitande.

### **Sak 23/2017: Oppfølging av strategi 2016-2019 for Sunnmøre Regionråd IKS**

Rådgivar Erlend Krumsvik orienterte om møter i administrasjonen i Sunnmøre Regionråd med mål om å skape felles forståing av strategien til selskapet. Administrasjonen har sett på kva orda i visjonen «Saman leiar vi Sunnmøre inn i framtida» betyr for dei tilsette.

Tilbakemeldinga frå styret var at det er stor endringsvilje i kommunane, og at ein må forstå utviklinga ein er inne i. Den demografiske utviklinga seier mykje om kva som vert utviklinga framover.

Ein må skape noko som er attraktivt nok, skape kunnskapsarbeidsplassar. Kanskje saknar ein noko når det gjeld å vere offensiv. Prøve nye metodar, leike litt, hive seg på og støtte kommunar som vil prøve litt. Kommunane sitt omdøme er til tider dårleg, kan regionrådet vere med å ta fram dei gode døma? Ein må synleggjere det ein gjer bra.

I samband med handsaminga av årsmeldinga (sak 21-2017) kom det spørsmål om Sunnmørskonferansen, og det vart diskutert om ein skal arrangere ein slik konferanse. Vidare vart det sagt frå styret at det er viktig å diskutere tenestesamarbeid mellom kommunane, jf. strategimål 3.

### **Sak 24/2017: Drøfting av arbeidet med strategisk næringsplan for Sunnmøre**

Styremedlem Dag Olav Tennfjord innleia til drøfting av saka. Han tok opp spørsmålet om ein kan få permanent finansiering som kan drive arbeidet fram.

Næringsplanar finst i kommunane i dag, planen for Sunnmøre sin verdi er å forankre og få ei felles forståing. Regionen må marknadsførast, ein må sjå på regionen som noko ein må arbeide for i fellesskap.

Vidare vart det drøfta kven som kan vere «motoren» for å drive dette arbeid. Ein må ha ein plass «å lande» prosessen.

Skal leggje arbeidet med strategisk næringsplan dødt, ta det ned, eller ta forventningane vidare?

Det vart nemt at eit bodskap frå næringslivet er at det beste ein kan gjere er å vere ei god kommune. I Haram-modellen handlar det om å vere eit best mogleg vertskap. Kva kan ein lære av Haram-modellen i høve til å utvikle Sunnmøre som ein attraktiv region?

Det vart vist til at det har kome interessante rapportar frå Møreforskning om utviklingsretning etter foresight analysa Sunnmøre i framtida (2010).

Styret konkluderte med at ein set av meir tid til denne saka på eit seinare styremøte. I tillegg vert det tema på ordførarsamlinga i Sunnmøre Regionråd 1. juni 2017.

### **Sak 25/2017: Drøfting av arbeidet i Demokratiprojektet**

Rådgivar Erlend Krumsvik i Sunnmøre Regionråd orienterte om arbeidet i prosjektet.

Prosjektet besøker alle deltakarkommunane i Sunnmøre Regionråd. Første samling vert i august/september 2017. Det vert to samlingar til i løpet av hausten.

Krumsvik har vidare vore i kontakt med Høgskulen i Volda om eit forprosjekt om kommunale styringssystem for innovasjon og digitalisering.

### **Sak 26/2017: Kontakt mellom Sunnmøre Regionråd og Møre og Romsdal fylkesting**

På forrige styremøte bad styret administrasjonen om å finne arbeidsmetodar til å bli betre orientert om kva som skjer i fylkestinget (og i dei andre regionråda).

Styremedlem Dag Olav Tennfjord har siden førre styremøte kome med følgjande forslag: «For å ha ein fast møteplass mellom kommunane og fylkespolitikken kunne eg tenke meg å invitere utvalsleiarane i hovudutvala i fylket til representantskapsmøta etter ein rulleringsplan slik at vi har møteplassar med jamne mellomrom. Fint om vi kan ta opp dette til drøfting i neste styremøte.»

Styret drøfta Tennfjord sitt forslag og meinte det var ein god idé.

### **Sak 27/2017: Utviklingsplanarbeidet 2018 - 2021 i HMR HF og medverknad frå kommunane i Møre og Romsdal.** Ved adm. dir. Espen Remme i Helse Møre og Romsdal

Remme starta med Nasjonal helse- og sjukehusplan og den demografiske utviklinga mot 2030. Han viste til at velferdsmodellen vill bli sett på prøve i framtida. Remme presenterte samhandlingsperspektivet med dei ulike organa, prioriterte utviklingsområde og tidsplan (helse-mr.no/utviklingsplan).

Helse Møre og Romsdal sitt økonomiske resultat er hittil i år 35,9 millionar kr. bak budsjettet. Remme sa at ein skal ha orden i økonomien. Ein må behalde roa, stå skulder ved skulder i leiarlinja og byggje laget Helse Møre og Romsdal. Helseføretaket har dyktige fagfolk og støttepersonell og ein vil skjerme pasientbehandlinga så langt som mogleg.

Remme viste til at ein har tru på å byggje ein framtidsretta kultur i helseføretaket. Samarbeid, samhandling og kultur går igjen i forbetningsarbeidet, og omstilling vert viktig.

Driftsgrunnlaget påverkar investeringane. Helseføretaket er avhengig av å klare å spare både til nytt sjukehus SNR og naudsynte tiltak i Volda og Ålesund 2017-2023.

Nokre aktuelle tiltak er straumforsyning, fasaderehabilitering, akuttmottak og intensivavdeling i Ålesund og dagkirurgi i Volda. 90 millionar er budsjettert i 2017. Investeringane må gjerast etter ei prioritering.

#### **Sak 28/2017: Eventuelt**

Til eventuelt var det først orientering ved styreleiar om to møter vedkomande samferdsel: Det første møtet var høyringsrunde til transportkomiteen – regionrådet fekk 4 minutt her. Strynefjellet var tema for Sunnmøre Regionråd sin presentasjon. Det andre møtet var Vestlandsrådet sitt samferdselsmøte i Oslo. Strynefjellet var tema saman med ferjedrift, E39 og bypakke Ålesund. Det kom synspunkt om at det politiske arbeidet må vere forankra i styret.

Til eventuelt var det vidare sak om Vest-Norges Brusselkontor. Nokre ordførarar har nyleg vore på tur til Brussel og spørsmålet om deltaking i Vest-Norges Brusselkontor vart då aktualisert.

*Vedtak:* Styret ber administrasjonen om å ta kontakt med leiinga i Vest-Norges Brusselkontor for å invitere dei til neste styremøte.

Siste sak til eventuelt var status for arbeidet med nytt soningssenter på Sunnmøre. Styreleiar orienterte om at det har vore møte med representant for justiskomiteen. Det handlar no om å få gjennomført KVU for Vestlandet, etter dette må ein arbeide for prosjekteringsmidlar. Jan Kåre Aurdal sa at ein vil prøve å få til eit møte med justisministeren om saka.